

Sande kommune  
Ordføraren  
Rådhuset  
6084 Larsnes

### **Forslag til vedtak for direkteoverføring av møta i kommunestyret i Sande**

Demokratiet i Noreg er i hovudsak eit valdemokrati. Veljarane stemmer ved val kvart 4 år. Få av dei er medlemmar i eit politisk parti, og færre engasjerer seg aktivt i politiske prosessar.

Trass i at partia signaliserer eit sterkt ønskje om fleire aktive medlemmer, og at einskilde saker skapar stort engasjement i tradisjonelle og sosiale media, er det likevel eit fåtal av veljarane som tek seg tid til å være tilhøyrarar på møter i folkevalde organ.

Sande Venstre meiner at openheit skal prege politikken. I høve viktige saker komande året vil Sande Venstre at kommen tek eit stort steg i å integrere velgjarane meir i folkestyret gjennom direkte overføring av bilde og lyd i frå kommunestyret. Det vil styrkje innbyggerane si interesse for og skape engasjement i korleis kommunen vert styrt. Teknologien finnast, og vert stadig brukt av nær alle kommunane rundt oss..

#### **Sande Venstre sitt forslag til vedtak:**

1. Openheit og innsyn i demokratiske beslutningsprosessar og -organ er grunnleggjande for demokratiet, og ny teknologi gir moglegheit for å gi folk høve til å følgje med på møte og avgjersler og når ein ikkje er fysisk til stades. Dette bør Sande kommune skal nytte seg av.
2. Sande Formannskap ber Rådmannen setje i gang ein prosess for å få direktesendingar/streaming fra møta i kommunestyret/formannskapet.
3. Målet er at det skal være direktesendingar/streaming frå møta i kommunestyret i Sande kommune snarast råd og dekkje haustmøta 2018
4. Dersom kommunen ikkje ynskjer å distribuere kommunestyra frå hausten ber Sande Venstre om løyve til sjølv å starte prøvesendingar frå hausten. Eg forutset at ein får tilgang til fiberkabel med god kapasitet. Dette sjølv sagt utan andre kostnader for kommunen.

Larsnes 8. juni 2018

Sande Venstre  
Einar Ekroll